

SYKKYLVEN KOMMUNE  
Kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

---

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemmane av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

**tysdag, 15.05.2018 kl. 14.00 på formannskapssalen**

#### SAKLISTE:

- Sak 06/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 10.04.2018
- « 07/18 - Årsmelding 2017 - Sykkylven kommune
- « 08/18 - Kommunerekneskapen 2017 - Sykkylven kommune.
- « 09/18 - Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Sykkylven kommune.

#### Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post [bjorn.tommerdal@sksiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no).

Rolf Bergmann  
leiar  
(sign.)

## **Sak 06/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 10.04.2018**

### **KONTROLLUTVALET I SYKKYLVEN KOMMUNE**

#### **MØTEBOK**

Møtedato: 10.04.2018, kl.14.00 – 15.40

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles tilstades:

Ståle Eikrem, Karen Elise Matheson, Torill Velle og Roger Welle.

**= 5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal

Frå Sykkylven kommune møtte rådmann May Helen Molvær og ordførar Odd Jostein

Drotninghaug (siste del av møtet)

Frå Kommunerevisjon3 møtte konst. dagleg leiar Kurt Løvoll og revisor Anne Nygård.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt av leiar Rolf Bergmann.

---

### **SAK01/18**

### **GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. 10.2017**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak om møteboka:**

Møtebok frå møte 25.10. 2017 blir godkjent.

---

**SAK 02/18**  
**PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON FOR SYKKYLVEN KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.04.2018

**Kontrollutvalet sitt samrøystes innstilling:**

1. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å føreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjonen slik som å vedta enkelte undersøkingar.
  2. Kommunestyret tek for øvrig saka om plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 til orientering.
- 

**SAK 03/08**  
**EIGARSKAPSKONTROLL FOR ÅRIM (ÅLESUNDREGIONENS INTERKOMMUNALE MILJØSELSKAP IKS). KUNNSKAPSDELING MED SYKKYLVEN KOMMUNE.**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.04.2018

Kontrollutvalsekretariatets tilråding var:

**På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt**

**vedtak:**

**Kontrollutvalet tek saka til orientering.**

Kontrollutvalets leiar, Rolf Bergmann fremma på vegne av utvalet fylgjande alternative forslag:

Kontrollutvalet meiner at saka er nyttig og kunnskapsrik, og tilrår at kommunestyret gjer seg kjent med saka. Den sendast over til kommunestyret som referatsak.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet meiner at saka er nyttig og kunnskapsrik, og tilrår at kommunestyret gjer seg kjent med saka. Den sendast over til kommunestyret som referatsak.

---

**SAK 04/18**  
**PRAKSIS FOR STEMMEGIVNING I SYKKYLVEN KOMMUNE OG**  
**KOMMUNELOVAS REGLAR OM DETTE.**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.04.2018

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil oppmode Sykkylven kommunestyre om å innarbeide i reglementet sitt reglar for stemmegiving som gjer det mogeleg å sjå korleis kvart enkelt parti stemmer. Saka blir send over til kommunestyret for vidare handsaming.

---

**SAK 05/18**  
**ORIENTERING OM HABILITET VED LEIAR ROLF BERGMANN**

Leiar Rolf Bergmann ga ei orientering i tråd med utsendt materiale kring habilitet. Kontrollutvalet tok orienteringa til vitande.

---

**EVENTUELT:**

Leiar Rolf Bergmann tok opp spørsmålet kring personopplysningar (epost og mobilnr.) om folkevalde på kommunen si heimeside. Rådmann vil i neste møte i kontrollutvalet gi ei orientering om Sykkylven kommunes arbeid med innføring av nytt personvemregister (GDPR) og også svare på leiars spørsmål.

---

## Sak 07/18 - Årsmelding 2017 - Sykkylven kommune

Kontrollutvalet i  
Sykkylven kommune

Dato: 08.05.2018

### ÅRSMELDING 2017 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Som pdf vedlegg følger:

- Årsmelding 2017 – Sykkylven kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Sykkylven kommune til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## **Sak 08/18 - Kommunerekneskapen 2017 - Sykkylven kommune.**

Kontrollutvalet i  
Sykkylven kommune

Dato: 05.08.2018

### **KOMMUNEREKNEskapEN 2017 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Som pdf vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2017 - Sykkylven kommune
2. Sykkylven kommune - kommunerekneskapen 2017

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon og eget brev.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

#### **uttale :**

1. Sykkylven kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet rår kommunestyret til å sjå nærare på rutinane for kontroll og etterleving av regelverket for offentlege innkjøp.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Kopi: Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen

Til kommunestyret i Sykkylven

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Uttale om årsrekneskapen

#### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Sykkylven kommune som viser kr 419 072 829 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 10 755 640. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2017, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2017, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Anna informasjon*

Rådmannen er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon består av rådmannens årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje slik anna informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den anna informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### *Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til:

[www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger)

### **Uttale om andre lovmessige krav**

#### *Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.



*Andre tilhøve*

- Offentlege innkjøp

Revisjonen har konstatert at kommunen har gjennomført fleire kjøp av varer og tenester der kjøpet ikkje har vore gjenstand for anbodskonkurranse. Forholdet er rapportert til kontrollutvalet i eigen rapport.

Ålesund, 6. april 2018



Anne Nygård  
oppdragsansvarleg revisor

Mottakarar:

Sykkylven kontrollutval  
Rådmannen i Sykkylven kommune

Vår saksbehandler:

Vår dato:  
05.04.2018

Vår referanse:

## **Rekneskapsrevisjon 2017 – Sykkylven kommune**

Komrev3 IKS har revidert rekneskapsen for rekneskapsåret 2017 for Sykkylven kommune.

Vår oppgave er i første rekkje å gje ein uttale om årsrekneskapsen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapsen, gje ein uttale om disponeringar i høve til budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i rekneskapsen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt ut enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2017. I dette brevet vil vi gje nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i høve til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommunar mv.

### Sjølvkostområdet vatn og avløp

Sykkylven kommune har avtale med Sykkylven Energi AS om levering av tenestene for vatn og avløp.

Kommunaldepartementet har gitt retningslinjer i rundskriv H-3/14 for utrekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester. I kap 8 i rundskrivet stod det at sjølvkosttenestene kan organiserast på fleire måtar, men prinsippet om sjølvkost er uavhengig av organisasjonsform.

Når tenesta vert ytt av ein annan organisasjon enn kommunen, er det revisor for denne organisasjonen som skal kontrollere at retningslinjene for sjølvkost vert stetta. Det vil vere revisor for Sykkylven Energi AS som skal sjå til at prinsippa om sjølvkost vert overhalde.

Vi har kontrollert at kommunen har gitt noteopplysningar om sjølvkost i samsvar med reglane. Noteopplysningane er basert på estimat ettersom rekneskapen for 2017 for Sykkylven Energi AS ikkje er ferdig.

Rundskrivet (H-3/14) peiker på at det er viktig med openheit om sjølvkost og at det vil vere naturleg at også sjølvkost vert tilgjengeleg på heimesida til kommunen. Rådmannen har bede Sykkylven Energi AS om å syte for at heimesida vert oppdatert med tilrådde opplysningar.

#### Skiljet mellom drift og investering

Skiljet mellom drift og investering kan vere vanskeleg å praktisere ettersom det er rom for stor grad av skjønn. Dette gjeld både innkjøp av utstyr under kr 100.000 og vurdering av påkostning kontra vedlikehald.

Kjøp av varer og tenester vert kontert og godkjent i einingane, og det er ikkje alltid at einingane har kompetanse på god kommunal rekneskapsskikk. Kommunen bøter på dette med at økonomiavdelinga gjennomgår posteringane. Vi meiner at kommunen har gode interne rutinar som gjer at risikoen for vesentlege feil er liten.

#### Oppfølging av periodisering, mellom anna variabel løn desember

Anordningsprinsippet krev at alle utgifter som er påløpt i året skal bokførast som ein kostnad det året arbeidet er utført. Variabel lønn i desember har vore utgiftsført i januar året etter.

Rådmannen har endra praksisen, og variabel lønn i desember er utgiftsført i 2017. I overgangsåret 2017 vil kommunen ha om lag kr 2,5 millionar meir i lønsutgifter.

#### Test av kommunen sine egne kontroller på lønsområdet

Det er tatt en test på variabel lønn. Lønsavdelinga har tilsette som er stabile og har god kompetanse. Rutinane fungerer godt.

#### Etterleving av regelverk for offentlege innkjøp

Vi har gjennomført ein stikkprøvekontroll av offentlege innkjøp over nasjonal terskelverdi. I utvalet av leverandørar har vi tatt utgangspunkt i innkjøp over ein 4-års periode der innkjøpa har vore over kr 500.000/1,1 million frå same leverandør.

Det var fleire direktekjøp utan konkurranse. Kommunen har i slutten av 2017 sett i verk tiltak og lyst ut konkurranse for fleire tenester.

KOFA gav i 2011 ei bot på kr 290.000 for ulovleg direkte anskaffing frå PC-support. Det vart då lagt til grunn som formildande at avtalen skulle avsluttast og lysast ut i løpet av 2011. Det vart lagt til grunn som skjerpande at dette hadde føregått sidan 2004.

Kommunerevisjonen har rette førespurnad om konkurranse knytt til avtalane med PC-support. I svaret går det fram at det ikkje er gjennomført anbod/konkurranse på desse innkjøpa etter KOFA-dommen. Det blir opplyst at det er fleire årsaker til dette, men slik vi forstår det har hovudårsak vore at der ikkje har vore kompetanse i kommunen til å «bygge opp anbodet». Det har ved gjentatte høve vore forsøkt å seie opp avtalen for å lyse ut, men stor turnover har gjort dette vanskeleg.

Slik vi forstår det arbeider ein no både mot nye Ålesund kommune og Søre Sunnmøre IKT for å utgreie mogleg deltaking i eksisterande samarbeid på driftssida innanfor IKT.

Kommunerevisjonen rår rådmannen til å sjå nærmare på rutinane for kontroll av etterleving av regelverket for offentleg innkjøp.

At kommunen har gjennomført fleire kjøp av varer og tenester der kjøpet ikkje har vore gjenstand for anbodskonkurranse vil bli tatt med i revisjonsmeldinga.

#### Andre forhold

Gjennom revisjonsarbeidet er det avdekka forhold som ikkje vil ha direkte verknad på resultatet i rekneskapen, men som kontrollutvalet bør vere kjent med.

Kommunestyret vedtok investeringar for kr 103.524.085 + 17.070.085, til saman kr 120.594.170. I rekneskapen for 2017 er det registrert opphavleg budsjett på kr 127.401.285. Rådmannen meiner at det er gjort feil ved overføring av løyvingar til brannstasjonen.

Vi meiner at ein del tomteverdiar i balansen er for høge og at dei burde ha vore nedskrive. Verdien på tomter verkar inn på utrekning av minimumsavdrag. Det vert opplyst at rådmannen vil ta ein gjennomgang av tomteverdiane i 2018.

Med helsing

Anne Nygård

Anne Nygård  
oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor

Mari Ann Yndestad  
Mari Ann Yndestad  
revisjonsmedarbeidar

**Sak 09/18 - Kontrollrapport 2017 vedkomande  
skatteoppkrevjarfunksjonen for Sykkylven kommune.**

Sjå vedlagte rapport frå Skatt Midt-Noreg til kommunestyret i Sykkylven kommune. Kontrollutvalet i Sykkylven kommune står som kopi på denne rapporten og den legges fram for utvalet uten nokon sakshandsaming. Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eit eller fleire høve ved rapporten står, kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

**På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt**

**vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat



Datoen vår  
15.02.2018

Datoen din

Sakshandsamar  
Karl Inge Klausen

800 80 000  
Skatteetaten.no

Referansen din

Telefon  
97492001

Org.nr  
991733116

Referansen vår  
2017/206748

Postadresse  
Postboks 2060  
6402 Molde

Kommunestyret i Sykkylven kommune  
Kyrkjevegen 62  
6230 SYKKYLVEN

## Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Sykkylven kommune

### 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at skattekontoret:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapportering og avlegging av årsrapporten og årsrekneskapen samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen samsvarar med gjeldande regelverk

### 2. Om skatteoppkrevjarkontoret

Skatteoppkrevjarfunksjonen for Sykkylven kommune handsamast av Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Kemnerkontoret er skatteoppkrevjar for Ålesund, Giske, Sandøy, Norddal, Stordal, Ørskog, Skodje, Sykkylven og Haram.

I tillegg er det etablert eit interkommunalt kontrollsamarbeid for arbeidsgjevarkontrollen. Her deltek kommunane Ålesund, Giske, Sandøy, Norddal, Stordal, Ørskog, Skodje, Sykkylven, Haram, Stranda, Sula, Herøy, Hareid, Ulstein, Sande, Volda og Ørsta.

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2017	Tal årsverk 2016	Tal årsverk 2015
18,0	15,8	15,0

Dei oppgjevne årsverka gjeld samla for heile Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Kemneren har i årsrapporten for 2017 oppgjeve at kontoret har hatt nok ressursar til å utføre oppgåvene som gjeld skatterekneskapen og innkrevjinga, men dei har ikkje har hatt nok ressursar til å utføre arbeidsgjevarkontrollen i tilstrekkeleg omfang.



I tillegg til årsverka i tabellen har kemneren i årsrapporten oppgjeve at kontoret per 31.12.17 hadde 4,5 årsverk som er nytta til arbeidsgjevarkontroll i dei andre kommunane som er med i den interkommunale arbeidsgjevarkontrollordninga.

### 3. Måloppnåing

#### Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 20. januar 2018. Skattekontoret har motteke rekneskapen innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Sykkylven kommune viser per 31. desember 2017 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på 918 780 137 og uteståande restansar<sup>2</sup> på kr 10 892 559.

#### Innkrevjingsresultat

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2017 for Sykkylven kommune.

	Resultatkrav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav 2016 (i %)	Innbetalt av sum krav for regionen 2017 (i %)
Restskatt personlege skattytarar 2015	95,00 %	96,93 %	95,20 %	96,46 %
Forskotstrekk 2016	99,90 %	100,00 %	99,95 %	99,95 %
Forskotskatt personlege skattytarar 2016	99,50 %	99,27 %	99,29 %	99,50 %
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2016	99,90 %	100,00 %	99,97 %	99,97 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2015	99,40 %	99,76 %	99,53 %	99,38 %
Arbeidsgjevaravgift 2016	99,80 %	99,91 %	99,76 %	99,84 %

For Sykkylven kommune er det gode resultat, berre resultatet for forskotskatt personlege skattytarar er litt under fastsatt krav. Resultatkrava er felles for alle kommunane som er med i Nordre Sunnmøre kemnerkontor, og kemneren har i sin årsrapport klargjort at kontoret samla sett i all hovudsak nådde krava. Det er berre restskatt upersonlege som har eit negativt avvik på 0,7 % poeng. Grunnen til dette avviket er eit krav på 4,9 millionar som det er klagt på, og kemneren meiner at kravet mest truleg vil falle bort.

#### Resultat for arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren for Sykkylven kommune er tilslutta den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Resultat for Nordre Sunnmøre kemnerkontor per 31. desember 2017 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal Arbeidsgjevarar i kommunen/kontrollordninga	Minstekrav tal kontrollar (5 % av arbeidsgjevarane)	Tal utførte kontrollar 2017:	Utførte kontrollar 2017 (i %)	Utførte kontrollar 2016 (i %)	Utført kontroll 2017 region (i %)
3 466	173	147	4,2 %	3,2 %	4,6 %

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>2</sup> Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



Talet på gjennomførte kontroller ligg noko under fastsatt krav. Kemneren har i årsrapporten påpekt at det ikkje har vært tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre nok kontrollar. Det vart tilsett fleire personar i 2016 og 2017, og kemneren meiner at dei nye stillingane vil betre situasjonen.

Kontrollordninga har òg delteke i ulike kontrollsamarbeid og aksjonar, blant anna mot arbeidslivskriminalitet, med Skatteetaten.

#### **4. Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjaren**

Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane i regionen vert utført i samsvar med ein årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatteoppkrevjar. Samtlege områder vil derfor nødvendigvis ikkje verte kontrollert kvart år.

Skattekontoret har for 2017 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap og innkrevjing.

Skattekontoret har i 2017 òg gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll 3. og 4. mai 2017. Rapport er sendt skatteoppkrevjaren 22. juni 2017. Skatteoppkrevjaren har gjeve tilbakemelding på rapporten 10. juli 2017.

##### **Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

##### **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen**

Gjennom kontrollane som skattekontoret har gjennomført, har vi gitt følgjande pålegg: Manuell endring bankkonto. Kemneren vart i rapport av 22. juni 2017 pålagt å etablere rutinar som sikrar at dokumentasjonskrava som følgjer av "Retningslinjer for endring av bankkonto for skattytere" blir følgt ved framtidige endringar av bankkonto. I tilbakemelding frå kemneren datert 10. juli 2017 blir det påpeka at slike rutinar allereie vart etablert 4. mai 2017.

Utover gjevne pålegg ser vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

##### **Skatte- og avgiftsinnkrevjing**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

##### **Arbeidsgjevarkontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.





## 5. Skattekontoret sin oppfølging av skatteoppkrevjaren

Skattekontoret hadde 1. februar 2017 eit styringsdialogmøte der Nordre Sunnmøre kemnerkontor deltok. I tillegg var det eit oppfølgingsmøte vedkomande arbeidsgjevarkontroll 27. april 2017 der den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor deltok.

Med helsing

Ida Moen  
*fung. avdelingsdirektør*  
avdeling for innkreving  
Skatt Midt-Norge

Karl Inge Klausen

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.*

Kopi til:

Kontrollutvalet for Sykkylven kommune  
Rådmann/administrasjonssjef Sykkylven kommune  
Skatteoppkrevjaren for Sykkylven kommune  
Riksrevisjonen